



Reguleringsføresegner for - Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl (etter pbl.-08)

Dato: 03.10.2025

Planidentifikasjon:	Saksnr. (Acos):	Egengodkjenningsdato:	Egengodkjent av:
ID-2024005690	24/5690	.xx.20xx	Ålesund kommunestyre

Sist revidert 03.10.2025 (til første gongs behandling)

1 - Generelt

Formålet med planen er å regulere areal til ny bru og veg, og sikre trafikktryggleik og betre framkome for alle trafikantgrupper innanfor planområdet, som omfattar deler av vegstrekninga mellom Harøya og Finnøya.

2 – Reguleringsformål

Areala innanfor plangrensa er regulert til følgande formål:

1. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5, nr. 2)

- Køyreveg, offentlig (felt o_KV1, o_KV2 og o_KV3)
- Fortau, offentlig (felt o_FO1, o_FO2 og o_FO3)
- Anna veggrunn - teknisk anlegg, offentlig (felt o_AVT1, o_AVT2, o_AVT3 og o_AVT4)

2. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl. §12-5, nr. 6)

- Bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone i sjø og vassdrag (felt BSV1 og BSV2)
- Angitt formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone kombinert med andre angitte hovudformål (felt VAA)

3. Omsynssoner (pbl. §12-6)

- Bandleggingssone - Bandlegging etter lov om naturvern (sone H720)

4. Føresegnsområde (pbl. § 12-7)

- # 1 – Midlertidig byggje- og anleggsområde

3 – Felles føresegner

Felles føresegner gjeld for heile planområdet dersom anna ikkje er spesifisert.

3.1 Terrengbehandling

- 3.1.1 Fyllingar skal ha maksimal helling på 1:1,3.

3.2 Automatisk freda kulturminne

- 3.2.1 Dersom det vert oppdaga funn, gjenstandar eller konstruksjonar i samband med gravearbeid skal arbeidet stansast omgåande og rett kulturminnemynde varslast, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

3.3 Støy og støv

- 3.3.1 Retningsline for handtering av støy T-1442 er lagt til grunn i reguleringsplan.
- 3.3.2 For anleggsperioden skal grenseverdiar for støy og støv være innafor dei krav som er gitt i T-1442 og M-2061 og T-1520.

3.4 Klimatilpassing

Tiltak i planen skal ta omsyn til framtidig havnivåstiging, stormflo og bølgepåverking og skal planleggast og utformast slik at tilstrekkeleg sikkerheit vert oppnådd. For fyllinga sør for brua gjeld minste kotehøgde for veg +4,8 m (NN2000), nord for brua +4,3 m.

3.5 Naturmiljø og naturmangfald

- a) Alle terrenginngrep, utfylling og arbeid med fylling og konstruksjon, skal skje mest mogleg varsamt i høve til natur og omgjevnadane. Detaljar, her under om arbeid i hekkeperioden, skal innarbeidast i ein Ytre Miljøplan (YM-plan) som skal være førande for anleggsgjennomføringa. Metodar og avbøtande tiltak i rapporten Kartlegging av naturmangfold (Rambøll, 2025), kap. 5, skal innarbeidast.
- b) Det skal gjennomførast tiltak for å hindre partikkelspreiing ved fylling og graving i sjøen. Siltgardin skal nyttast, om ikkje tilsvarende effekt kan oppnåast med andre metodar.
- c) Vassgjennomstrøyminga i sundet under brua skal minst oppretthaldast.
- d) Tiltak for å minimera risiko for spreiding av framande artar skal gjennomførast.
- e) Tiltak for å hindre ureining frå anleggsmaskiner og liknande i anleggsfase skal gjennomførast.

4 – Føresegner for arealformål

4.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

4.1.1 Køyreveg (felt o_KV1, o_KV2, o_KV3)

- a) Køyrevegane si utforming skal følgja dei krava som gjeld for vegutforming etter vegnormalen N100, og utleiast av plankartet og prosjektert vegplan.

- b) Innafor formål felt o_KV3 skal det byggjast bru i tillegg til ein to-felts køyreveg med breidde minimum 6,5 m. Brua skal ha ei seglingshøgde på minimum 4 m HAT. Breidda på seglingsløpet skal oppretthaldast minst som på eksisterande bru (11 m mellom landkar).

4.1.2 Fortau (felt o_FO1, o_FO2, o_FO3)

- a) Utforminga av fortau skal følgja dei krav som gjeld for utforming etter vegnormalen N100, og utleiast av plankartet og prosjektert vegplan.

4.1.3 Anna veggrunn – tekniske anlegg (felt o_AVT1, o_AVT2, o_AVT3 o_AVT4)

- a) Innafor areal sett av til anna veggrunn – teknisk anlegg kan det plasserast konstruksjonar knytt til veganlegg og bru, nødvendige tekniske anlegg og installasjonar, vegfyllingar, landkar for bru, støttemurar, veglys, skilt, rekkverk og gjerder, støyskjermer og liknande, samt høgspenst-, fiberkablar og kommunaltekniske anlegg etter avtale med vegeigar.
- b) Mindre avvik i omfanget av «Anna veggrunn» kan skje som følgje av uføresette tilhøve. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegformål kan bli litt mindre enn det som går fram av formålsgrensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil bli nytta til tilstøytane formål.

4.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

4.2.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (felt BSV1, BSV2)

- a) Felt BSV1 og BSV2 inngår i planen som underliggjande formål til midlertidig bygge- og anleggsområde og areal under bru.

4.2.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone kombinert med andre angitt hovudformål (felt VAA)

- a) Innafor formålet kan det plasserast vegfyllingar, nødvendige konstruksjonar til veganlegg og bru.

5 – Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

5.1 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø og kulturmiljø (§ 11-8 c)

5.1.1 Bandlegging etter lov om naturmangfald (sone H720)

- a) Sonene syner områda som er verna etter lov om naturmangfald.
- b) Innafor sona gjeld verneforskrifta for vern av Malesanden og Huse fuglefredingsområde med tilgrensande dyrelivsfreding.

6 – Føresegner til føresegnssområde (§12-7)

6.1 Føresegner til midlertidig bygge- og anleggsområde (område #1)

- a) Område merka #1 er sett av til midlertidig bygge- og anleggsområde for bygging av veg og bru og kan nyttast som anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang. Innafor desse områda kan det gjerast nødvendige inngrep. Det skal så langt råd søkast å unngå fysiske inngrep på sjøbotnen ut over det som er nødvendig til vegfyllinga og

midlertidig veg. Innafor dette området kan det gjerast nødvendige inngrep og mellomlagring av massar, utbetring, utskifting/legging av overvass- og dreisleidningar, midlertidig anleggsvegar og omkøyringsvegar, oppstillast materiell og maskiner. Innafor område er det tillat å etablere midlertidig veg og bru til omkøyring under anleggsperioden.

- b) I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra og ikkje føre til fare for bebuarar, brukarar og omgjevnader i og ved planområdet. Inngrep skal avgrensast i størst mogleg grad.
- c) I anleggsperioden, inkl. riving av gamal bru, kan det tillatast avgrensing i båttrafikken gjennom sundet. I fasar av bygge- og rivearbeidet kan det tillatast å stenge sundet heilt for båttrafikk. Omfang og vilkår for slike avgrensingar og stengingar skal avklarast med rette mynde.
- d) Når anleggsperioden er over skal arealformål i underliggande plan gjelde. Ved ferdigstilling av heile planområdet skal det gjevast tilbakemelding til planmynde om at midlertidig bygge- og anleggsområde kan fjernast frå plankartet.

*

Møre og Romsdal fylkeskommune, 03.10.2025

Eigengodkjent av Ålesund kommunestyre i møte xx.xx.20xx, sak xxx/xx